

Meland kommune

postmottak@meland.kommune.no



Alsaker Fjordbruk AS
5694 ONARHEIM
Telefon : 53 43 01 00
Telefax : 53 43 01 01
Dir. tlf. : 53 43 01 09
Mobil : 99 210109
Org. nr. : 979 494 009
www.alsaker.no

Dykkar ref. :

Vår ref. : Ove Gjerde

Dato : 26.09.2014

Salar Bruk AS/Alsaker Fjordbruk AS **Merknader/Innspeil til utkast kommuneplanen 2014 – 2026 sin arealdel**

1. Bakgrunn

Meland formannskap vedtok i sak 164/10 start av rullering av kommuneplan, samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen er alt vedteken av kommunestyret.

Når kommuneplanen sin arealdel er vedteken vil den verta rettsleg bindande for kommunen si utvikling, utbygging, arealbruk no og i framtidige områder.

Mål for planarbeidet til kommunen er;

- ✓ skal medverka til og oppleva god livskvalitet
- ✓ skal ha ei berekraftig utvikling
- ✓ skal vera ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland
- ✓ skal tenkja folkehelse i alt vi gjer

2. Salar Bruk

Bruken av vassressursane i Rylandsvassdraget har lange tradisjonar. Alt tidleg på 1700-talet vart det kravt kvernskatt av "Rylands aargangsqværn". Mølla på Ryland (der Salar Bruk i dag ligg), var frå gammalt av noko meir enn ei vanleg gardskvern. Anlegget vart stendig bygd ut. I åra 1878 og 1879 vart den fornya og bygd opp att på nytt. Etter kvart som mølla vart bygd ut, vart det også trong for meir vatn og jamnare vassføring for å sikra kontinuerleg drift. Vassdraget vart regulert, noko som vart gjort i fleire rundar. Etter nokre spanande og viktige år, brann mølla ned i 1912. Sjølv om det var seriøse planar om å byggja verksemda opp att, vart dette aldri ein realitet. Fyst på 1960-talet overtok Rylandsvåg Fiskeri vassdragsrettane, deretter vart det Salar Smolt som moderniserte og bygde anlegget vidare. I slutten av 2007 tok Alsaker Fjordbruk over anlegget, som frå då av fekk namnet Salar Bruk AS.

Merknad/uttale

Alsaker-konsernet har sidan overtakinga av lokaliteten, investert og utvikla Salar Bruk til å verta eit topp moderne settefiskanlegg. Pt. har anlegget løyve til å produsera 11,5 millionar sjødyktig settefisk.

Salar Bruk har vore og vil i framtida vera ein viktig arbeidsplass i kommunen. Noverande arbeidsstokk tel om lag 12 fast tilsette, samt at me i store deler av året leiger inn ytterlegare spisskompetanse, tilsvarande 8 tilsette.

På Salar Bruk har konsernet planar om ytterlegare utvikling av anlegget. Me ser det som svært positivt at eitt av måla for kommuneplanen er at Mæland skal vera ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland! Dette målet gjev eit klart signal og store forventningar for både det eksisterande næringslivet og for nye aktiviteter.

3. Rylandsvassdraget

Grunnlaget for Salar Bruk si utvikling er knytt til m.a. vassressursane i Rylandsvassdraget, som har eit nedbørsfelt på om lag 25 km². Vassdraget (V.nr. 059.2Z) er eitt av områda som er teke med i *Verneplan for vassdrag*, som seinast vart supplert jamfør St.prp.nr. 75 (2003-2004). Prosessen fram til «vernet» var ressurskrevjande og det vart presisert at det i vassdraget alt er etablert/bygd viktige installasjonar, m.a. kanal mellom vatna, demning/overlaup v/Nedre Skjevlen mot Rylandsvatnet, som i dag vert nytta til produksjon av settefisk. I nedre del av Rylandsvatnet ligg inntaksleidningen til Salar Bruk, samt at det ved utlaupet er etablert demning for settefiskanlegget, som ligg rett nedanfor.

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Bjølve
Bruk AS

Bolstad
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjon
Bruk AS

Igland
Bruk AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Onarheim
Bruk AS

Rogaland
Fjordbruk AS

Røvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Sunnhordland
Fjordbruk AS

Toftøy
Fjordbruk AS

Tveit
Brygge AS

Tysnes
Brygge AS

Tysnes
Fjordbruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS

Åmøy
Fjordbruk AS

Vassdraget er ikkje urørt etter definisjon av inngrepsfri natur, noko som førte til t.d. NVE ikkje rådde til vern av vassdraget.

Føremålet med verneplanen er å sikra eit heilskapleg nedbørfelt med sin dynamikk og variasjon frå fjell til fjord. Vernet gjeld først og fremst mot kraftutbygging, men verneverdiane skal også takast omsyn til ved andre inngrep.

Stortinget vedtok i 2005 at det kan opnast for konsesjonshandsaming av kraftverk med installert effekt opp til 1 MW i verna vassdrag.

Merknad/Uttale

Kommunen må i si arealplanlegging ha ei bevisst forvaltning av vassdraget med tanke på området sin fleirbruksverdi, verdi for naturmangfaldet og landskapet. Samstundes må alt etablerte tiltak (kanal, demningar, leidning m.m.) ha rom for utvikling og oppdatering for framtidig sikker og rasjonell bruk/tilkomst.

Det er difor særst viktig at dei nemnde etablerte tiltaka vert vist/merka av i arealkarta som føl planen, samt at føremålet også klart kjem fram i føresegnene til planen, slik at Salar Bruk kan sikrast gode utviklingstilhøve.

Den vedtekte forvaltningsplanen for Rylandsvassdraget (kommunestyret i sak 032/08) utdjupar ei rekkje tema og gjev konkrete framlegg til tiltak som kan gjennomførast dei næraste åra. Viktige tiltak for m.a. ålmenta (tilkomst/tilrettelegging m.m.) kan i eit nært samarbeid mellom grunneigarane, kommunen, lag/organisasjonar og Salar Bruk mfl. gjennomførast gjennom ein *vinnvinn-situasjon* for alle partar!

Kommunal veg til offentleg kai og Salar Bruk

Den kommuneale vegen (Stekkevikvegen) som er etablert frå Fv-564 og ned til offentleg kai og deretter til Salar Bruk sitt produksjonsområde, er ikkje tilpassa dagens trong.

Merknad/Uttale

Den «lokale» infrastrukturen til dei ulike næringsområda/næringsaktørane må prioriterast og det må settast av areal som gjer at oppdatering av aktuelle vegar kan prioriterast. For vår del gjeld dette ovannemnde vegstubbe.

Næringsområde ved Salar Bruk


I planen er det sett av areal til fleire større næringsområde, men det vert sagt lite om moglegheit for utviding av eksisterande og mindre næringsareal.

Merknad/Uttale

Salar Bruk har hatt og vil framover ha trong for ei langsiktig arealdisponering. Nye krav/nytt teknisk utstyr set også krav til større næringsareal. I planen er landområdet til anlegget vårt vist som *Næringsverksemd* (N), medan det næraste sjøområdet mot vest er vist som/sett av som *Akvakultur* (AK). Samstundes er tilsvarande område på sørsida av dette, sett av til *Friluftsområde* i sjø. Dette har nok samanheng med at landområdet er vist som *Naturområde*.

Salar Bruk er avhengig av at mesteparten at dette sjøområdet vert sett av til/endra til AK eventuelt Næringsområde, som det i praksis alt er. Det kan likevel settast av eit mindre belte langs strandlinja som kan visast som *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner*. Det aktuelle naturområde har lang strandlinje og mykje lettare tilkomst frå sjøvegen elles i området.

Det er også viktig at den delen av næringsområdet (nordvest) som er pt. er vist i planen (ut i sjøen) vert utvida til parallelt med neset der flytebrygga vår ligg i dag. Me syner i denne samanheng også til utkast til reguleringsplan for Vikebø/Ryland (2008).



Som De ser i planen (til venstre), så er næringsområdet i sjøen utvida til det tidlegare nemnte neset der flytebrygga vår ligg i dag, noko som også bør gjennomførast i kommuneplanen.

Vist næringsområde elles, er markert innanfor eigedomsgrensene til Salar Bruk. Me ynskjer likevel å spela inn at langs utlaupet av Rylandsvatnet bør næringsområdet utvidast opp mot vegen som er synt i reguleringsplanen. Mot sør/søraust, ynskjer me også rom for utviding av næringsområdet, noko me kan koma attende til i eit dialogmøte. Arealplankartet sin målestokk gjer at deltar ofte kjem ikkje fram.

Roslandspollen og leveringsbrygge i/ved Eikevika

Roslandspollen innehar mange aktivitetar og er i planen vist som *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner*. For Salar Bruk har sjøområdet vore/er nytta som transportåre for kai-/båtlevering av sjødyktig settefisk. Større brønnbåtar har medført at tilkomsten til Roslandspollen er kraftig redusert, noko som medførte at me har lagt ein større leveringsleidning utover, forbi lo-bru til leveringsbrygga i/ved Eikevika (dispensasjon og godkjent 2012).

Merknad/Uttale

Leveringsleidningen som ligg utover frå anlegget vårt og til leveringsbrygga på nordsida i Eikevika (om lag 200 meter vest av lo-bru), må sikrast rett til turvade vedlikehald og elles tiltak som gjeld større reoperasjonar m.m..

Den nye leveringsbrygga i/ved Eikevika har pt. vore i drift i snart 2 år (jamfør sak 043/12 Utval for drift og utvikling), denne er heilt avgjerande for levering av den sjøklare settefiske frå anlegget. I samband med etableringa av dette tiltaket, vart det gjeve dispensasjon frå gjeldande kommuneplan/arealdel. I den nye kommuneplanen sin arealdel, må dette tiltaket (slik intensjonen frå kommunen og Fylkesmannen var) visast og settast av i kartet som t.d. Havneområde. Det er særst viktig at utviding, vedlikehald, justering og andre tiltak i dette «hamneområdet», vert gjeve rom for i planen.

Kartvedlegg frå Salar Bruk

For å synleggjera ovannemnde merknader/innspele til kommuneplanen, har me på **vedlagt kart** merka av dei aktuelle tiltaka, som me meiner kommunen bør setja av i arealdelen til kommuneplanen. Som nemnt litt lenger oppe i teksten, vil det i plankartet (grunna m.a. målestokken) vera vanskeleg å få fram deltatar i dei ulike områda, noko me sjølv sagt må få høve til å koma attende til.

Alle tiltaka me har skissert ovanfor er viktige for den vidare drifta og utviklinga av eit framtidretta Salar Bruk.

Oppsummering og invitasjon til dialog

Målet om at kommunen skal vera ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland, set store voner for både næringsutviklinga i kommunen generelt og oss på Salar Bruk spesielt. Rask sakshandsaming, gode, effektive og framtidretta løysingar, der fokuset må vera at kommunen både i teori og praksis syner vilje til å nå målet sitt, i nært samarbeid med næringslivet.

Salar Bruk syner til merknadane/innspele, samt kartvedlegget (dagsett 26.09.2014), og me signaliserer med dette eit strekt ynskje om møte/dialog, der me saman kan gå gjennom dei ulike innspele, så vel i teorien som i den «praktiske» kartdelen, før De vidarefører planarbeidet.

Lukka til med den framtidretta og viktige prosessen.

Vensam helsing

Salar Bruk AS/Alsaker Fjordbruk AS



Ove Gjerde
Samfunnskontakt
ove.gjerde@fjordbruk.no

Vedlegg - Kart, dagsett 26.09.2014 der dei ulike innspele/merknadane er vist